

Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/10148 - 20/63978

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
12.10.2020

Trong for fleire opplysningar ved søknaden - gbnr 305/91 og 95 Fløksand

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 305/91
Tiltakshavar: Inger Myrtvedt
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen

Kommunen syner til søknad om tiltak med dispensasjon, motteke 26.05.2020 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 09.09.20.

Søknaden har framleis manglar:

1. Det er opplyst av søkjar at samla bruksareal på hytte skal vere på ca. 157 m². Ifølgje kommunedelplanen for Meland er det tillate med maks. storleik på 120 m² BRA på hytte jf.pkt. 1.6.14. Det må søkjast om dispensasjon frå føresegna eller så må arealet på hytta reduserast til 120 m² BRA.
2. Vegtilkomst går over gbnr 305/6 og tiltaket krev samtykke frå eigar av gbnr 305/6. Vi har motteke tinglyst vegrett, men dette gjeld nytt tiltak ikkje vegrett som er i orden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **12.11.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger Myrtvedt

Nipedalen 179

5164

LAKSEVÅG

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen

Lurevegen 304

5912

SEIM